



Utv.saksnr:	Møtedato:	Utval:
18/72	26.11.2018	Formannskapet
18/33	26.11.2018	Rådet for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne
18/140	13.12.2018	Kommunestyret

Arkivref: 2018/329 - 22  
Saksbeh.: Vidar Kyrdalen, Økonomisjef  
Eining: Rådmannens stab  
Dir.tlf.: 37185212  
E-post: vidar.kyrdalen@amli.kommune.no

Saksordførar: Tellef Olstad

## Eigedomsskatt i Åmli kommune for skatteåret 2019

### BEHANDLING I KOMMUNESTYRET DEN 13.12.2018

#### *Endringsframlegg frå H v/Hans Fredrik Tangen:*

For bustader/fritidsbustader med tomt til desse, samt ubebygde tomter til dette formål, settast eigedomsskatten til 3,5 promille, jfr eskl § 12.

#### *Avrøysting:*

Ved alternativ votering over formannskapet si tilråding og endringsframlegget frå H v/Hans Fredrik Tangen ble formannskapet si tilråding vedteke med 15 mot 2 stemmer (H.F.Tangen, T.Tangen)

### VEDTAK I KOMMUNESTYRET DEN 13.12.2018:

#### **Verkeområde:**

For eigedomsskatteåret 2019 skal det skrivast ut eigedomsskatt i heile kommunen, jfr. eskl § 3 første ledd bokstav a).

#### **Overgangsreglane til eigedomsskattelova §§ 3 og 4 – utskrivning basert på eit særskilt grunnlag som skal trappast ned over sju år:**

For eigedomsskatteåret 2019 skal det skrivast ut eigedomsskatt på eit særskilt fastsett grunnlag i medhald av overgangsreglane til eigedomsskattelova §§3 og 4 første ledd. Det særskilte grunnlaget skal i 2019 vere lik 6/7 av differansen mellom eigedomsskattegrunnlaget i 2018 og 2019 som følgje av at produksjonsutstyr – og installasjonar ikkje skal reknast med i grunnlaget for verk og bruk som frå og med 2019 vert sett på som næringsseigedom.

#### **Eigedomsskattesats:**

Den alminnelege eigedomsskattesatsen for 2019 er 7 promille jfr. eskl § 11 første ledd.

For bustader/fritidsbustader med tomt til desse, samt ubebygde tomter til dette formål, settast eigedomsskatten til 4 promille, jfr eskl § 12.

#### **Botnfrådrag:**

Alle sjølvstendige bustaddelar skal ha eit botnfrådrag på NOK 200 000 som trekkast frå takstgrunnlaget, jfr eskl § 11 andre ledd.

#### **Takstvedtekter:**

Takstvedter for eigedomsskatt i Åmli vedteke i K-sak 12/49 og 13/32 skal gjelde for eigedomsskatteåret 2019, jfr eskl § 10.

#### **Terminar:**

Skatten innbetalast i 4 terminar, jfr eskl § 25 første ledd. Innbetalinga skal skje i samband med kommunen sine andre kommunale avgifter. Skatt mindre enn kr 1000 fakturerast i eit beløp i første termin.

#### **Takstar:**

Utskrivinga av eigedomsskatten for 2019 vert basert på takstar ved siste alminnelege taksering gjeldande frå 01.01.2013 med tilleggstakseringar av nye skatteobjekt etter denne dato.

**Fritak for eigedomsskatt:**

I eksl § 5 går det fram kva for eigedomar som skal fritakast for eigedomsskatt.

I eksl § 7 går det fram kva for eigedomar kommunestyret kan fritake heilt eller delvis for eigedomsskatt. For skatteåret 2019 vert eigedom eigd av stiftelsar og institusjonar med ålmennyttige formål fritake for eigedomsskatt på bakgrunn av søknad til eigedomsskattekontoret, jfr eksl § 7, bokstav a.

Fritaket skal gjelde ut inneverande alminnelege takseringsperiode.

Eigarar av eigedom, i tråd med ovannemnde formål, som tidlegare har søkt og fått fritak vert òg fritake for eigedomsskatt ut inneverande alminnelege takseringsperiode utan å måtte søke på nytt.

Det same gjeld for eigedom av historisk verdi, jfr eksl § 7, bokstav b.

I medhald av eksl § 7, bokstav c vert bygningar som er starta bygd etter 12.12.2013, og som heilt eller i nokon mon vert nytta til heilårsbustad eller fritidsbustad, fritake frå eigedomsskatt i 10 år rekna frå 01.01. året etter at byggeløyvet er gitt.

I medhald av eksl § 7, bokstav d vert ubebygde område på Homdrom Austhei som omfattast av byggeforbod i tråd med gjeldande kommuneplan fritake for eigedomsskatt.

**BEHANDLING I RÅDET FOR ELDRE OG MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE DEN 26.11.2018****Avrøysting:**

Samrøystes for rådmannen sitt framlegg.

**TILRÅDING I RÅDET FOR ELDRE OG MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE DEN 26.11.2018:****Verkeområde:**

For eigedomsskatteåret 2019 skal det skrivast ut eigedomsskatt i heile kommunen, jfr. eksl § 3 første ledd bokstav a).

**Overgangsreglane til eigedomsskattelova §§ 3 og 4 – utskriving basert på eit særskilt grunnlag som skal trappast ned over sju år:**

For eigedomsskatteåret 2019 skal det skrivast ut eigedomsskatt på eit særskilt fastsett grunnlag i medhald av overgangsreglane til eigedomsskattelova §§3 og 4 første ledd. Det særskilte grunnlaget skal i 2019 vere lik 6/7 av differansen mellom eigedomsskattegrunnlaget i 2018 og 2019 som følgje av at produksjonsutstyr – og installasjonar ikkje skal reknast med i grunnlaget for verk og bruk som frå og med 2019 vert sett på som næringsseigedom.

**Eigedomsskattesats:**

Den alminnelege eigedomsskattesatsen for 2019 er 7 promille jfr. eksl § 11 første ledd.

For bustader/fritidsbustader med tomt til desse, samt ubebygde tomter til dette formål, settast eigedomsskatten til 4 promille, jfr eksl § 12.

**Botnfrådrag:**

Alle sjølvstendige bustaddelar skal ha eit botnfrådrag på NOK 200 000 som trekkast frå takstgrunnlaget, jfr eksl § 11 andre ledd.

**Takstvedtekter:**

Takstvedter for eigedomsskatt i Åmli vedteke i K-sak 12/49 og 13/32 skal gjelde for eigedomsskatteåret 2019, jfr eksl § 10.

**Terminar:**

Skatten innbetalast i 4 terminar, jfr eksl § 25 første ledd. Innbetalinga skal skje i samband med kommunen sine andre kommunale avgifter. Skatt mindre enn kr 1000 fakturerast i eit beløp i første termin.

**Takstar:**

Utskrivinga av eigedomsskatten for 2019 vert basert på takstar ved siste alminnelege taksering gjeldande frå 01.01.2013 med tilleggstakseringar av nye skatteobjekt etter denne dato.

**Fritak for eigedomsskatt:**

I eskl § 5 går det fram kva for eigedomar som skal fritakast for eigedomsskatt.

I eskl § 7 går det fram kva for eigedomar kommunestyret kan frita heilt eller delvis for eigedomsskatt. For skatteåret 2019 vert eigedom eigd av stiftelsar og institusjonar med ålmennyttige formål friteke for eigedomsskatt på bakgrunn av søknad til eigedomsskattekontoret, jfr eskl § 7, bokstav a. Fritaket skal gjelde ut inneverande alminnelege takseringsperiode. Eigargar av eigedom, i tråd med ovannemnde formål, som tidlegare har søkt og fått fritak vert òg friteke for eigedomsskatt ut inneverande alminnelege takseringsperiode utan å måtte søke på nytt.

Det same gjeld for eigedom av historisk verdi, jfr eskl § 7, bokstav b.

I medhald av eskl § 7, bokstav c vert bygningar som er starta bygd etter 12.12.2013, og som heilt eller i nokon mon vert nytta til heilårsbustad eller fritidsbustad, friteke frå eigedomsskatt i 10 år rekna frå 01.01. året etter at byggeøyvet er gitt.

I medhald av eskl § 7, bokstav d vert ubebygde område på Homdrom Austhei som omfattast av byggeforbod i tråd med gjeldande kommuneplan friteke for eigedomsskatt.

**BEHANDLING I FORMANNSKAPET DEN 26.11.2018**

*Saksordførar til kommunestyret:* Tellef Olstad

***Avrøysting:***

Enstemmig for rådmannens innstilling.

**TILRÅDING I FORMANNSKAPET DEN 26.11.2018:****Verkeområde:**

For eigedomsskatteåret 2019 skal det skrivast ut eigedomsskatt i heile kommunen, jfr. eskl § 3 første ledd bokstav a).

**Overgangsreglane til eigedomsskattelova §§ 3 og 4 – utskrivning basert på eit særskilt grunnlag som skal trappast ned over sju år:**

For eigedomsskatteåret 2019 skal det skrivast ut eigedomsskatt på eit særskilt fastsett grunnlag i medhald av overgangsreglane til eigedomsskattelova §§3 og 4 første ledd. Det særskilte grunnlaget skal i 2019 vere lik 6/7 av differansen mellom eigedomsskattegrunnlaget i 2018 og 2019 som følgje av at produksjonsutstyr – og installasjonar ikkje skal reknast med i grunnlaget for verk og bruk som frå og med 2019 vert sett på som næringseigedom.

**Eigedomsskattesats:**

Den alminnelege eigedomsskattesatsen for 2019 er 7 promille jfr. eskl § 11 første ledd.

For bustader/fritidsbustader med tomt til desse, samt ubebygde tomter til dette formål, settast eigedomsskatten til 4 promille, jfr eskl § 12.

**Botnfrådrag:**

Alle sjølvstendige bustaddelar skal ha eit botnfrådrag på NOK 200 000 som trekkast frå takstgrunnlaget, jfr eskl § 11 andre ledd.

**Takstvedteker:**

Takstvedter for eigedomsskatt i Åmli vedteke i K-sak 12/49 og 13/32 skal gjelde for eigedomsskatteåret 2019, jfr eskl § 10.

**Terminar:**

Skatten innbetalast i 4 terminar, jfr eskl § 25 første ledd. Innbetalinga skal skje i samband med kommunen sine andre kommunale avgifter. Skatt mindre enn kr 1000 fakturerast i eit beløp i første termin.

**Takstar:**

Utskrivinga av eigedomsskatten for 2019 vert basert på takstar ved siste alminnelege taksering gjeldande frå 01.01.2013 med tilleggstakseringar av nye skatteobjekt etter denne dato.

**Fritak for eigedomsskatt:**

I eskl § 5 går det fram kva for eigedomar som skal fritakast for eigedomsskatt.

I eskl § 7 går det fram kva for eigedomar kommunestyret kan frita heilt eller delvis for eigedomsskatt.

For skatteåret 2019 vert eigedom eigd av stiftelsar og institusjonar med ålmennyttige formål friteke for eigedomsskatt på bakgrunn av søknad til eigedomsskattekontoret, jfr eskl § 7, bokstav a.

Fritaket skal gjelde ut inneverande alminnelege takseringsperiode.

Eigarar av eigedom, i tråd med ovannemnde formål, som tidlegare har søkt og fått fritak vert òg friteke for eigedomsskatt ut inneverande alminnelege takseringsperiode utan å måtte søke på nytt.

Det same gjeld for eigedom av historisk verdi, jfr eskl § 7, bokstav b.

I medhald av eskl § 7, bokstav c vert bygningar som er starta bygd etter 12.12.2013, og som heilt eller i nokon mon vert nytta til heilårsbustad eller fritidsbustad, friteke frå eigedomsskatt i 10 år rekna frå 01.01. året etter at byggeløypet er gitt.

I medhald av eskl § 7, bokstav d vert ubebygde område på Homdrom Austhei som omfattast av byggeforbod i tråd med gjeldande kommuneplan friteke for eigedomsskatt.

**RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG:****Verkeområde:**

For eigedomsskatteåret 2019 skal det skrivast ut eigedomsskatt i heile kommunen, jfr. eskl § 3 første ledd bokstav a).

**Overgangsreglane til eigedomsskattelova §§ 3 og 4 – utskrivning basert på eit særskilt grunnlag som skal trappast ned over sju år:**

For eigedomsskatteåret 2019 skal det skrivast ut eigedomsskatt på eit særskilt fastsett grunnlag i medhald av overgangsreglane til eigedomsskattelova §§3 og 4 første ledd. Det særskilte grunnlaget skal i 2019 vere lik 6/7 av differansen mellom eigedomsskattegrunnlaget i 2018 og 2019 som følgje av at produksjonsutstyr – og installasjonar ikkje skal reknast med i grunnlaget for verk og bruk som frå og med 2019 vert sett på som næringseigedom.

**Eigedomsskattesats:**

Den alminnelege eigedomsskattesatsen for 2019 er 7 promille jfr. eskl § 11 første ledd.

For bustader/fritidsbustader med tomt til desse, samt ubebygde tomter til dette formål, settast eigedomsskatten til 4 promille, jfr eskl § 12.

**Botnfrådrag:**

Alle sjølvstendige bustaddelar skal ha eit botnfrådrag på NOK 200 000 som trekkast frå takstgrunnlaget, jfr eskl § 11 andre ledd.

**Takstvedtekter:**

Takstvedter for eigedomsskatt i Åmli vedteke i K-sak 12/49 og 13/32 skal gjelde for eigedomsskatteåret 2019, jfr eskl § 10.

**Terminar:**

Skatten innbetalast i 4 terminar, jfr eskl § 25 første ledd. Innbetalinga skal skje i samband med kommunen sine andre kommunale avgifter. Skatt mindre enn kr 1000 fakturerast i eit beløp i første termin.

**Takstar:**

Utskrivinga av eigedomsskatten for 2019 vert basert på takstar ved siste alminnelege taksering gjeldande frå 01.01.2013 med tilleggstakseringar av nye skatteobjekt etter denne dato.

**Fritak for eigedomsskatt:**

I eskl § 5 går det fram kva for eigedomar som skal fritakast for eigedomsskatt.

I eskl § 7 går det fram kva for eigedomar kommunestyret kan fritta heilt eller delvis for eigedomsskatt.

For skatteåret 2019 vert eigedom eigd av stiftelsar og institusjonar med ålmennyttige formål fritake for eigedomsskatt på bakgrunn av søknad til eigedomsskattekontoret, jfr eskl § 7, bokstav a.

Fritaket skal gjelde ut inneverande alminnelege takseringsperiode.

Eigarar av eigedom, i tråd med ovannemnde formål, som tidlegare har søkt og fått fritak vert òg fritake for eigedomsskatt ut inneverande alminnelege takseringsperiode utan å måtte søke på nytt.

Det same gjeld for eigedom av historisk verdi, jfr eskl § 7, bokstav b.

I medhald av eskl § 7, bokstav c vert bygningar som er starta bygd etter 12.12.2013, og som heilt eller i nokon mon vert nytta til heilårsbustad eller fritidsbustad, fritake frå eigedomsskatt i 10 år rekna frå 01.01. året etter at byggeløyvet er gitt.

I medhald av eskl § 7, bokstav d vert ubebygde område på Homdrom Austhei som omfattast av byggeforbod i tråd med gjeldande kommuneplan fritake for eigedomsskatt.

## SAKSVEDLEGG GENERERT I INNKALLING:

### SAKSVEDLEGG SOM LIGG PÅ NETTSIDA:

Store saksvedlegg til saken blir lagt under "Politikk" og "Dokument og linkar til politisk arbeid" på kommunens nettside [www.amli.kommune.no](http://www.amli.kommune.no)

#### Til denne saka er det følgjande slike vedlegg:

Ingen

### ANDRE SAKSDOKUMENT:

Ingen

### KORT OM SAKA:

Kommunestyret fattar dei overordna, generelle vedtaka om eigedomsskatt i ein kommune. Kommunestyret si viktigaste oppgåve i høve til dette er å fatte vedtak om at det skal skrivast ut eigedomsskatt i samband med budsjettbehandlinga hausten før skatteåret, jfr eskl § 2. Vedtaket må fattast kvart år.

Det årlege vedtaket, jfr § 10, bør minimum innehalde:

1. Kva for utskrivingsalternativ kommunen har valt ,jfr eskl § 3.
2. Kva skattesats som leggst til grunn, jfr eskl § 11 .
3. Om det skal vere differensiert sats (dvs høgare eller lågare) sats for eksempelvis bustader og fritidsbustader, jfr eskl § 12.
4. Kva for eigedomar kommunestyret har bestemt skal unntakast frå eigedomsskatten, jfr § eskl 7.
5. Om det skal vere botnfrådrag, jfr eskl § 11.

Det er følgjande 7 alternativ å velje mellom når det gjeld verkeområdet for eigedomsskatt, jfr.eskl § 3 gjeldande frå og med 2019:

- a) Faste eigedomar i heile kommunen.
- b) Faste eigedomar i klårt avgrensa område som heilt eller delvis er utbygd på byvis eller der slik utbygging er i gang
- c) Berre på kraftverk, vindkraftverk, kraftnettet og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum
- d) Berre på nærings eigedom, kraftverk, vindkraftverk, kraftnettet og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum
- e) Eigedom både under bokstav b og c
- f) Eigedom både under bokstav b og d
- g) Faste eigedomar i heile kommunen, unnateke nærings eigedom, kraftverk, vindkraftverk, kraftnettet og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum.

Kommunestyret kan fritaka desse eigedomane heilt eller delvis for eigedomsskatt:

- a) Eigedom åt stiftingar eller institusjonar som tek sikte på å gagna ein kommune, eit fylke eller staten.
- b) Bygning som har historisk verdi.
- c) Bygning som heilt eller i nokon mon vert nytta til husvære. Fritaket kan gjelda i opptil 20 år frå den tida bygningen vart ferdig. Formannskapet eller det utvalet som er nemnt i kommuneloven § 10, kan få fullmakt til å avgjera einskildsaker om skattefritak.
- d) Bygning og grunn i visse luter av kommunen.
- e) Fritidsbustader

### MERKNADER/VURDERING:

Åmli kommune har hatt skatt på verk og bruk i mange år. Frå 01.01.2013 vart verkeområdet for eigedomsskatt utvida til òg å gjelde bustader, fritidsbustader samt nærings eigedom med tomt til desse i heile kommunen.

Rådmannen foreslår i budsjettet for 2019 til 2022 ei vidareføring av den alminnelege eigedomsskattesatsen på 7 promille.

For bustader og fritidsbustader med tomt til desse vert det foreslått ein skattesats for åra 2019 og 2020 på 4 promille og for åra 2021 og 2022 på 5 promille. Verknaden av dette er markert som tiltak nr. 66 i budsjettdokumentet.

Ein gjer merksam på at regjeringa frå 2019 har fjerna retten til å skrive ut eigedomsskatt på produksjonsutstyr og produksjonsinstallasjonar, med unntak av vasskraftanlegg, vindkraftverk og dei delane av petroleumsanlegg for olje og gass som vert omfatta av petroleumsskattelova.

Teknisk vert dette gjort ved at eigedomskategorien «verk og bruk» vert fjerna frå eigedomsskattelova, og at særreglane for verk og bruk vert vidareført berre for «vasskraftanlegg, vindkraftverk og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum .» Alle andre typar anlegg som i dag er verk og bruk, vil etter forslaget være alminneleg næringsseigedom. Dei skal verdsettast som anna næringsseigedom, men substansverdi skal kunne nyttast dersom det ikkje er mogleg å fastsette ein marknads-messig verdi på anna vis.

Produksjonsinstallasjonar er gitt ein omfattande definisjon i proposisjonen, og inneber at etter forslaget vil berre dei bygningsmessige skala i industrianlegg og infrastrukturanlegg vere gjenstand for eigedomsskatt. I proposisjonen vert inntektstapet sett til omlag 800 mill. kroner. Det bygger ikkje på nærare undersøkingar eller berekningar og er dermed svært usikkert.

Det er vedteke overgangsreglar som skal gje ein trinnvis reduksjon i skatteinntektene over 7 år frå og med 2019. Verknaden av endringa er markert som tiltak nr. 63 i budsjettdokumentet og er basert på forslaga til nye takstar som ligg føre frå taksatorane.

Stortinget har som kjent bede regjeringa om å sikre at kommunane får ein tilnærma full kompensasjon for skattetapet som følgje av endringane i eigedomsskatten på verk og bruk. Stortingsfleirtalet har avgrensa kompensasjonen til 500 mill. kroner per år til ordninga fullt ut er sett i verk. I statsbudsjettet for 2019 er det forslag om at kompensasjonen vert sett til 71 mill. kroner, tilsvarande 1/7 av 500 mill. kroner. Det er ikkje avklart korleis denne kompensasjonen skal fordelast og det er av den grunn ikkje teke omsyn til i rådmannen sitt budsjettframlegg.

Grunnrenteskattesatsen vart i 2018 auka. Grunnrenteskatten går i sin heilhet til staten og kjem til frådrag ved berekning av eigedomsskattegrunnlaget for kraftanlegg. Verknadane går ikkje fram av statsbudsjettet, men vi har gjort berekningar som viser ein reduksjon for Åmli over ein 10-års periode på i overkant av 2 mill kroner i reduserte inntekter. Verknaden av dette går fram av tiltak nr. 62 i budsjettdokumentet.

Det er opplyst frå Sentralskattekontoret for Storbedrifter (SFS) - jfr. her brev frå LVK datert 6. november 2018 – at kommunane sine inntekter frå kraftanlegga vil auke i 2019. SFS held på å legge om sine system, slik at eigedomsskattegrunnlaga for kraftanlegga vil vere noko forsinka. I rådmannen sitt budsjettframlegg har ein difor lagt til grunn eigedomsskattegrunnlaga for 2018 på desse anlegga.

I statsbudsjettet for 2019 er det forslag ytterlegare endringar kring eigedomsskatten.

Det er forslag om ein lovpålagt reduksjonsfaktor på 30 % for bustad – og fritidseigedom. I tillegg vert bruk av formuegrunnlag (likningsverdi) obligatorisk for verdisetting av bustadeigedom. Fritidsbustader skal framleis takserast lokalt som tidlegare.

Forslaget inneber at eigedomsskattegrunnlaget ikkje skal overstige 70 % av marknadsverdien til bustad- og fritidsbustad.

Endringane trer i kraft frå og med eigedomsskatteåret 2020.

Kommunar som har føreteke alminneleg taksering i 2013 eller seinare, får høve til å nytte denne taksten til og med skatteåret 2023. Den obligatoriske reduksjonsfaktoren på 30 % skal imidlertid også gjelde kommunar som nyttar seg av takst frå 2013 eller seinare.

Kommunar med takst frå 2013 vil dermed få ein full takseringsperiode på 10 år, samtidig som dei nye reglane vil gjelde for heile landet frå 2024.

Kommunestyret må i løpet av 2019 ta stilling til om ein skal nytte gjeldande takstar for bustadeigedomar frå 2020, eller om ein skal gå over til likningsverdi.

Maksimal skattesats for bustad- og fritidsbustad vert òg redusert frå 7 promille til 5 promille.

Det er så langt ein kjenner til inga endring i regelverket kring botnfrådrag. Etter gjeldande vedtak er botnfrådraget i Åmli kr 200 000 pr. bueining. Dersom ein skal innføre reduksjonsfaktor på 30 % frå 2020 og samstundes oppretthalde dagens inntektsnivå på eigedomsskatt frå bustader og fritidsbustader kan f.eks. kommunestyret redusere botnfrådraget pr. bueining frå kr 200 000 til kr 0,-. Det er i rådmannen sitt framlegg til budsjett forslag om å redusere botnfrådraget til kr 0 frå 2020. Forslaget er markert som tiltak nr. 65 i budsjettdokumentet.

Dersom ein skal innføre reduksjonsfaktor på 30 % og samstundes oppretthalde botnfrådraget på dagens nivå vil eigedomsskatteinntektene frå bustad og fritidsbustader reduserast frå 2020. Jfr. her tiltak nr. 64 i budsjettdokumentet.

Om regjeringa sitt forslag vert vedteke vert eigedomsskatteinntektene for Åmli sett under ytterlegare press.